

Ordføreren sitt hjørna – mai 2008

Det er snart vår sjølv om snømengda tyder på noko anna. Det er tida for å gjera nødvendige vedtak for oppstarting av diverse investeringsprosjekt som skal gjerast i sommar. Det er fleire prosjekt som ikkje er dei største, men som er viktige å få gjort. Containerplassane rundt om i bygda er ikkje fine. No i sommar skal 6 av desse plassane oppgraderast. Det er for liten kapasitet på desse plassane i dag, noko som gjer at det stundom blir ståande avfall på utsida. Dette ser stygt ut, og det kan og vera helsefarleg avfall som ligg og flyt. Plassane skal no gjerast så store at det også blir plass til sorteringsskåp for glass/metall, papir og container for flaskepann til Røde Kors. Avfall utover det som er nemnd her skal leverast på mottaket på Langeset.

Frå renseanlegget på Trøim er det tidvis vond lukt, men det er ingen skadeleg gass som kjem ut. Årsaka til luktproblemet er at det er biologisk reinsing. Det skal no setast inn eit kolfilter som iflg. saksframlegget vil gje tilfredstillande luktreduksjon. Dette er ei investering til kr 250 000,-.

Asfalteringa på Grøndalsvegen vil halde fram. Det er i år sett av kr 600.000,- i budsjettet, men med sterk prisstigning på slikt arbeid siste året kjem me nok litt kortare enn me hadde meint når me laga budsjettet. Arbeidet vil fortseta vidare sørover frå der det vart stoppa i fjor. Langs Liovegen skal det no setjast opp autovern på nokre strekningar. Om vinteren er dette trafikkfarlege punkt som me no vil sikre. Dette er eit arbeid som har vore prata om lenge, og det står kr 500.000,- på fond til dette tiltaket.

Formannskapet saman med næringsssjefen har brukt ein del tid på næringsarbeid etter nyttår. Korleis skal me nytte næringsfondet på beste måte, er spørsmålet som ligg i botnen. Til kommunestyremøtet no står nye vedtekter og retningslinjer for næringsfondet og kraftfondet på saklista. Det er mindre endringar i forhold til eksisterande vedtekter, men nødvendige tilpasningar til EU- regelverket må også leggast inn.

Strategiar for bruken av næringsfondet skal me arbeide vidare med. Det er viktig at desse midlane blir nytta mest mogleg målretta. Helst burde me ha ei strategisk næringsplan i kommunen, men dette er nok litt fram i tid grunna arbeidet og prosessen med å få dette til. Det er no meint å gjera dette enklare, nærast å få til ein disposisjon for ei næringsplan, og førebels arbeide ut frå den. Det vil vera betre haldepunkt for administrasjonen og for dei som vil søkje om støtte. Me treng eit sterkt og mangfoldig næringsliv i kommunen.

Det er litt tidleg å stemme i med vårsongar enno, men det blir nok vår ei gong i år også!

Helsing
Oddvar Grøthe, ordførar
(sign.)